



Søknad om parkeringsløyve for forflytningshemma

Fornamn	Etternamn	F.nr (11 siffer)
Kjønn: Mann ☐ Kvinne ☐ Hen ☐	E-post:	Telefon:
Adresse:	Postnummer/stad:	

Andre opplysningar og samtykke

- ☐ Eg søker som førar av motorvogn (*kopi av gyldig førarkort må sendast inn*)
☐ Eg søker som passasjer

OBS: Løyve blir gitt enten som førar eller passasjer. Køyrrer du sjølv, må du søkje som førar. Søknaden blir behandla etter kva boks du kryssar av.

Har du parkeringsløyve frå før? ☐ Ja ☐ Nei Om ja, oppgi utløpsdato (*gyldig til*):

Har ditt kjøretøy rullestolheis eller skinner/rampe? ☐ Ja ☐ Nei

Om ja, vedlegg dokumentasjon (*f.eks. fra ombygger/leverandør av bil, bilete der også registreringsnummer kjem fram*)

Gir du kommunen løyve til å innhente ytterligare opplysningar frå legen som har utstedt legeattesten vedrørende helseforhold som er relevant i forhold til di forflytningshemming? ☐ Ja ☐ Nei

Er du tildelt støtte til arbeids- og utdanningsreiser? ☐ Ja ☐ Nei

Er du tildelt TT- kort? ☐ Ja ☐ Nei	Har du søkt TT-kort? ☐ Ja ☐ Nei	Er du tildelt kommunal bebuarparkering ved bolig? ☐ Ja ☐ Nei
--	---	--

Konkrete stader du har vansker med å parkere på ordinære parkeringsplassar:

(Fyll kun ut aktuelle stader. Bruk eget ark ved behov.)

Behov som trening og behandling må dokumenterast med uttale frå behandlar eller treningsstad, timekort, kvitteringar eller liknande. Dokumentasjonen må vise kor ofte du har dette behovet (t.d. kor mange gonger per veke/månad).

Bustad	Adresse:	Kor ofte:
Arbeid	Adresse:	Kor ofte:
Lege:	Adresse:	Kor ofte:
Sjukehus:	Adresse:	Kor ofte:
Fysioterapeut/Trening/ behandling:	Adresse:	Kor ofte:

Nødvendige ærender/møter/frivillig arbeid:	Adresse:	Kor ofte:
Anna aktivitet:	Adresse:	Kor ofte:
Særlige behov for parkeringslette på disse stadene:		
Beskriv hva det er som gjer at du ikkje kan bruke dei ordinære p- plassane på dei stadane du har oppgitt ovenfor. Skriv kort om kvar stad. <i>(Ingen medisinske opplysningar – devil kome fram i legeerklæringa)</i> Bruk gjerne eget ark.		
Søkar si underskrift		
Underskrift:	Stad, dato:	

Søknaden skal vere signert av søkjar sjølv eller av oppnemnd verge. Er søkjar under 18 år, skal søknaden vere signert av ein føresett. Ved oppnemnd verge må dokumentasjon på vergemålet sendast inn. Ved bruk av fullmektig må gyldig fullmakt sendast inn.

Alle spørsmål må svarast på. Dersom noko manglar blir søknaden sendt tilbake til søkjaren.

Søknad som sendes per post, sendes til;

Tidelings- og bustadkontoret i Øystre Slidre kommune
 Bygdinvegen 2120
 2940 Heggnes

Veiledning til søknad om parkeringstillatelse for forflytningshemmede (HC-kort)

Vilkår for tildeling av p-løyve for forflytningshemma – korleis vise at vilkåra er oppfylt

Det er to grunnvilkår som må vere oppfylte for at ein søknad om parkeringsløyve kan innvilgast:

1. Søkjar har nedsett evne til forflytning.

Dette blir dokumentert gjennom søkjaren si eiga forklaring og legeerklæringa. Legen skal gjere ei sjølvstendig vurdering av forflytningsevna. Legeerklæringa må vere ny, og ikkje eldre enn 6 månader.

2. Søkjar har særleg behov for parkeringslettingar på konkrete stader.

Dette blir beskrive av søkjaren i søknadsskjemaet, eventuelt med tilleggskommunikasjon. Søkjar må gjere greie for parkeringsbehovet sitt og utfordringar ved parkering på aktuelle stader, til dømes ved bustad, arbeid, skule eller ved regelmessig og hyppig trening/behandling på sjukehus, klinikkar, treningssenter eller andre stader der det er vanskeleg å parkere. Regelmessige behov som trening og behandling må dokumenterast med uttale frå behandlar eller treningsstad, timekort, kvitteringar eller liknande. Dokumentasjonen må vise kor ofte behovet oppstår (t.d. kor mange gonger per veke/månad). Behov for parkering i andre kommunar skal òg beskrivast.

Kommunen vurderer om søkjaren vil ha behov for parkeringslettingar på dei stadene som er oppgitt, basert på den oppgitte forflytningsevna.

Ved søknad som passasjer gjeld eit tredje vilkår:

3. Søkjar har behov for regelmessig hjelp frå førar utanfor motorvogna.

Dette blir dokumentert gjennom søkjaren si eiga forklaring og legeerklæringa. Vilkåret inneber at berre personar som ikkje kan forlatast åleine medan føraren parkerer på ei ordinær parkeringsplass, kan få parkeringsløyve som passasjer.

Kommunen gjere ei heilskapleg vurdering av søkjaren sitt behov for parkeringsløyve.

Parkeringsløyve er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning. Kostnader knytte til motorvogn eller parkering blir derfor ikkje vektlagde. Det blir heller ikkje lagt vekt på om søkjaren får støtte til motorvogn, treng gratis passering i bomring eller ønskjer fritak for piggdekkavgift.

Kommunen har ansvar for korrekt behandling av personopplysningar som blir gitt i samband med søknaden om parkeringstillatelse for forflytningshemma. Opplysningane skal berre brukast til dette formålet og blir arkiverte i tråd med arkivlova.

Ved innvilga søknad blir nokre av opplysningane sende til Statens vegvesen, som har ansvar for det sentrale registeret over parkeringsløyver for forflytningshemma (HC-registeret).

Vedlegg til søknaden

1. Legeerklæring
2. Passfoto
3. Kopi av førarkort – ved søknad som førar
4. Dokumentasjon på ferdsel til stader/gjeremål (ved behov for dette). I tillegg kan hyppigheita av slik ferdsel dokumenterast ved behov.

Kva for kommune skal søknaden sendast til?

Søknaden skal sendast til kommunen du er busett. Dersom du er busett ein annan stad enn der du er folkeregistrert, bør du forklare val av kommune i søknaden, evt. i eige brev.

Er du busett i Øystre Slidre kommune skal søknaden sendast til:

Øystre Slidre kommune,
Tildelings- og bustadkontoret i Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 2120
2940 Heggenes

Forventa saksbehandlingstid

Søknaden blir vanlegvis behandla innan 4 veker. Dersom det tek lengre tid, vil du få eit brev med ei førebels melding i saka. Ved klage på avslag må du rekne med lengre saksbehandlingstid. Kommunen sitt formannskap er klageorgan og behandlar klagesaker der klagar ikkje får medhald.